



VINJE

TOTAK EIGENDOM AS
Fiskestigen 1022
3890 VINJE

Dato: 19.12.2025
Vår referanse: 2022/4484-8
Sakshandsamar: Sigrid Breiseth

147/2/13 - Løyve til igangsetting - næringsbygg

Tiltak: Heile tiltaket - Næringsbygg
Tiltakets adresse: Raulandsvegen 1703, 3864 Rauland
Eigedom: 147/2/13
Tiltakshavar: Totak Eigedom AS
Ansvarleg søkjar: TOTAK EIGENDOM AS
Bruksareal: 1940 m²
Bebygd areal: 1019 m²
Bruttoareal: 2038 m²

Delegert vedtak: 248/25

Vedtak

Vinje kommune gjev igangsetjingsløyve – heile tiltaket, samt tillating til å bygge mellombels brakkerigg med BYA på 130 m², mens bygging av permanent næringsbygg pågår, med vilkår.

Saksutgreiing

Det er gjeve rammeløyve og IG til veg- /grunnarbeid 07.11.2022.

Vilkår

- Om byggeperioden pågår meir enn 2 år må de ta kontakt med kommunen vedkomande mellombels brakkerigg.
- Det er viktig at alle som skal utføre arbeid, eller som har erklært ansvar i byggesaka får tilgang til reguleringsplanen og vilkår som er gjeve i byggesaka. Det er søkjar sitt ansvar å syte for at dei får denne informasjonen før arbeid tek til.

- Tiltaket må gjennomførast i samsvar med gjeldande reguleringsplan -Rauland sentrum planID 20090005.
- Bygningsavfall skal handterast etter teknisk forskrift og leverast til godkjent avfallsmottak.
- Det er krav til 4 meters avstand til vatn- og avløpsledningar. Høgde frå toppen av sluket til topp rør samleledning skal vere minimum 90 cm.
- Der kommunen har eige overvassanlegg skal ein bruke det. Tiltakshavar har sjølv ansvar for å handtere overvatn på ein forsvarleg måte.
- Tiltaket må vera påbyrja innan 3 år, og ikkje ha pause i meir enn 2 år. Viss ikkje vil løyve gå ut.
- De må søkje om mellombels bruksløyve eller ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Ansvarsrettar

Ansvaret for prosjektering	Tilt. klasse	Føretak	Organisasjonsnummer
Konstruksjon og arkitektur / brakkerigg	1	Telemark Miljøbygg AS	818676042
Veg/uteareal/landskapsformering	1	Vinje Maskin AS	817436722
Ventilasjon/klimainst.	1	Linnerud AS	996228940
Sanitærinst.	1	Vinje rør AS	914988977
Ansvaret for utføring	Tilt. klasse	Føretak	Organisasjonsnummer
Sanitærinst.	1	Vinje rør AS	914988977
Ventilasjon/klimainst.	1	Rauland Blikk og ventilasjon Morten Vaa	922435871
Tømrerarbeid / montering av trekonst.	1	Telemark Miljøbygg AS	818676042
Veg- /grunnarbeid	1	Vinje Maskin AS	817436722

Gebyr

De må betale sakshandsamingsgebyr på kr 1960,-.

I tillegg kjem ei eingongsavgift på tilknytning til vatn- og avløp, på kr 99.000,- (næring < 25 mm).

Me ettersender faktura, som må betalast innan forfall. Faktura blir sendt til tiltakshavar.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Sigrid Breiseth

sakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
TOTAK EIGENDOM AS

Kopi til:
VINJE MASKIN AS

Lovverk

- Plan- og bygningslova (pbl): §§§20, 21 og 1-9
- Teknisk forskrift (TEK 17)
- Avfallsforskrift: (TEK 17 kap 9)
- Sakshandsamingsforskrift (SAK10)
- Lokal forskrift for vatn og avløp i Vinje kommune
- Forskrift for standard abonnementsvilkår på vatn- og avløp – tekniske krav
- Gebyrregulativ for byggesakshandsaming
- Gebyrregulativ for vatn- og avløp